

PROGRAM PÅ STAND A-115

## EIN BEREKRAFTIG SJØMATNASJON – EIT BEREKRAFTIG SJØMATFYLKE

Berekraftsmåla til FN er ein felles arbeidsplan for verda for å utrydde fattigdom, nedkjempe ulikheit og stoppe klimaendringane innan 2030. Fleire av berekraftsmåla er relevante for sjømatnæringa i Møre og Romsdal, mellom anna måla om å utrydde svolt, god helse, ansvarleg forbruk og produksjon, og liv under vatnet.

Det er ikkje tvil om at norsk sjømatindustri er med å fylle mange matfat verda over med god og sunn mat. Noreg forsyner kloden med 36 millionar sjømatmåltid kvar einaste dag – året rundt, av dette står Møre og Romsdal for 7,5 millionar måltid. Bidreg vi likevel til å bevare havet og våre marine ressursar på ein måte som kommande generasjonar kan vere stolte av?

### TYSDAG 20. AUGUST

#### 12:00 – Offisiell opning av standen – eit berekraftig sjømatfylke

Under opninga av fellesstanden til Møre og Romsdal fylkeskommune vert næringa og det offentlege utfordra på å svare på korleis vi i fellesskap forvaltar arven som berekraftig sjømatnasjon.

- Velkomen ved ordstyrar Øyvind Michael Olsen
- Filosofien til Hofseth Aqua er å nytte heile fisken, og følge fisken gjennom alle ledd i verdikjeda – frå rund fisk, filét og til avskjer.  
*Ved Lars Magne Haram, plass-sjef Hofseth Aqua.*
- Stranda Prolog leverer system for betre fiskevelferd, betre råstoffkvalitet og meir miljøvenleg produksjon til kundar over heile verda.  
*Ved Klaus Høseth, administrerende direktør Stranda Prolog.*
- Artec Aqua forventar at havbruksnæringa på land vil fortsette å auke, og at oppdrett i sjø og landbasert akvakultur vil leve side om side i åra som kjem. *Ved Ingegerd Eidsvik, administrerende direktør Artec Aqua.*
- Salmon Evolution tar med seg dei beste føresetnadar som havet gir – til berekraftig produksjon av nesten 30.000 tonn laks i året - på land.  
*Ved Odd Tore Finnøy, CEO i Salmon Evolution.*
- Opning av fellesstanden til Møre og Romsdal 2019 ved fylkesordførar Jon Aasen (Ap).

#### 12:30: Klippfiskakademiet presenterer vekemenyen

Klippfiskakademiet presenterer dagens smaksprøver og vekemenyen på fellesstanden til Møre og Romsdal. Opent for alle.

### ONSDAG 21. AUGUST

#### 12:00 – 13:00: Marin pitch

Utstillarar frå fylket vil presentere sine nyheiter frå scena på fellesstanden.

#### 15:00 – 16:00: Smølaoppdrettaren lanserer nytt namn, branding og strategi mot år 2023

Alle er velkomne til lanseringsfesten til Smølaoppdrettaren på fellesstanden til Møre og Romsdal. Foredrag av Mikal A. Eines, tale av ordførar Roger Osen og smak på fantastiske lakserettar laga av Klippfiskakademiet.

### TORS DAG 22. AUGUST

#### 12:00 – 13:00: Marin pitch

Utstillarar frå fylket vil presentere sine nyheiter frå scena på fellesstanden.

#### 15:00 – 16:00: Marine grunnkart – eit verkemiddel for å fremje blå vekst

Kommunane treng eit betre kunnskapsgrunnlag for å lage planar som møter framtidens krav om ei berekraftig utvikling av kysten. Marine grunnkart kan vere ein del av løysinga. Innlegg av Terje Thorsnes (NGU), Mona Gilstad (Herøy kommune), Arne Håkon Sandnes (Møre og Romsdal fylkeskommune) og Turid Hanken (Haram kommune).